



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Rådhus Valldal
Dato: 16.04.2026
Tid: Kl. 17:00 - 20:25

Medlemmer:	Parti
Jens Einar Aklestad	AP
Espen Heitmann	Frp
Claus Hoff	H
Ester Reidun Vinje Nilsen	H
Jan Erik Vad	H
Johan Arnt Overøye	H
Robert Bergerud	H
Anders Jørgen Gjerde	Sp
Annette Langdal	Sp
Britt-Ingunn Tafjord Walle	Sp
Håkon Myklebust	Sp
Lars Kristian Øvrebust	Sp
Marius Høihjelle	Sp
Terese Jemtegård Moen	Sp
Dagrun Agnes Vikesland	SV
Vemund Waldal	SV

Forfall:	Parti
Nina Hauglid	AP
Kjell Magne Moe	Frp
Jan Are Remme	H

Vara:	Parti
Olav Løvoll	AP
Jonas Falch	Frp
Jan Ole Strand	H

Inhabile
Anders Jørgen Gjerde

Sak
010/26

Varamedlem
Unni Ytredal, Sp

Merknad
i OS 012/26 jf. Fvl. § 6
punkt a. og e.
(underpunkt 2)

Håkon Myklebust	010/26	Per Ivar Skodjereite, Sp	i OS 012/26 jf. Fvl. § 6 punkt a. og e. (underpunkt 2)
Dagrun Agnes Vikesland	010/26	Nils Johan Myren Døving, SV	i OS 012/26 jf. Fvl. § 6 punkt c.
Ester Reidun Vinje Nilsen	010/26	Kathrine Hjelle Busengdal, H	i OS 012/26 jf. Fvl. § 6 punkt b.
Vemund Waldal	010/26	,	i OS 012/26 jf. Fvl. § 6 punkt b.
Jan Erik Vad	017/26	Kathrine Hjelle Busengdal, H	jf. Fvl. § 6 punkt e (underpunkt 2)

Frå administrasjonen møte:

Kommunedirektør Bjørn Inge Ruset
Kommunalsjef Teknisk Freddy Hanssen
Prosjektleder Prosjekt Hus Are Leira
Kommunalsjef Oppvekst og kultur Mariann Birkhol
Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd Sindre Sjøvik Erstad
Seniorrådgiver økonomi Arne Krohn
Fagleder rekneskap Kari Slettebak
Personalsjef Marius Moe
Sekretær Alexander Oudijk

Andre som møte:

Styreleder i Valldal Fjernvarme AS Leif Rune Vinje
Seniorrådgiver i Husbanken Birger Jensen

Terese Jemtegård Moen
ordfører

Vemund Audsunsson Waldal (SV)

Espen Heitmann (Frp)

Alexander Oudijk
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
009/26	Godkjenning av møtebok
010/26	Orienteringssaker
011/26	Endring av forskrift om felles ordensreglement for SFO Fjord kommune
012/26	Endring av forskrift om skulefritidsordning (SFO) Fjord kommune
013/26	Forskrift om skulerute 2026-2027 for grunnskulane i Fjord kommune
014/26	Høyringsuttale Fjord kommune om forslag til integreringsstønad for nyankomne flyktningar
015/26	Om mellombels endring av skjenketid under fotball-VM for herrer 2026
016/26	Eigarskapsmelding Fjord kommune - revidert feb. 2026
017/26	Fjordhagen AS - Tilbod om kjøp av aksjer
018/26	Salsløyve for alkoholhaldig drikk frå 16.april 2026 - Storås Handel Norddal AS
019/26	Forslag til endring av konsesjonskraftprisen -Høringssvar Fjord kommune
020/26	Referatsaker
021/26	Høyringssvar veterinærvakt Fjord kommune - Høring av NOU 2026: 1 En bærekraftig kommunesektor

Vemund Audunsson Waldal (SV) og Espen Heitmann (Frp) vart valde til å skrive under protokollen saman med ordføraren.

Merknad til sakliste:

Ordføraren føreslo om å behandle sak 017/26 etter orienteringane og sak 010/26 i samband med innkalla vara.

Samrøystes vedteke

Merknad til innkalling:

Tilleggssak 021/26 – Høyringssvar veterinærvakt Fjord kommune – Høring av NOU 2026:1 En bærekraftig kommunesektor vart ettersendt per e-post 14.04.26.

Orienteringar:

- Orientering frå Husbanken ved seniorrådgivar Birger Jensen

Orienteringar frå ordføraren:

- Viser til orienteringar som vart gjeve i formannskapsmøte 26.03. og som er gjengjeve skriftleg i protokollen frå formannskapsmøtet

I tillegg:

- **Jerveproblematikk:**

- Interregionalt samarbeid for beitedyr og jerv (ordfører er leiar)
 - Møte med statssekretærene Hanssen i Klima og miljødepartementet (KLD) og Norberg i Landbruk- og matdepartementet (LMD).
 - Møte med beitebrukarar, Møre og Romsdal sin representant i rovviltnemnda region 6 Geir Stenseth med fleire. Møtet vart arrangert av ordfører og landbrukssjef i Stranda kommune.
- Utmarkskommunenenes sammenslutning (USS):
 - Ordfører har delteke saman med landbrukssjef på landsmøtet i Utmarkskommunenenes sammenslutning (USS)
 - Ordfører er attvald representant for medlemskommunane i Møre og Romsdal i landsstyret for USS.
 - Landsstyret i USS har etter innspel frå ordfører gjort vedtak om at ein skal arbeide spesielt med to beitebrukarar i Fjord og Skjåk som har beiterett i jerveforvaltningssona, og som i praksis vert tvinga til å legge ned drifta som følgje av at dei ikkje får nytta beiteretten sin som følgje av høgt rovdyrpress.
 - Ordfører har delteke på USS sitt dialogmøte med KLD og LMD, her har vi nærare 100 kommunar i ryggen på å få gehør i politisk leing i departementa for at rovviltforliket si todelte målsetting ikkje er nådd
- Det verkar å vere vilje hjå klima- og miljøministeren til å innsjå at den todelte målsettinga i rovviltforliket ikkje er nådd, og ministeren har nyleg uttalt at ein skal ha fokus på ekstraordinære uttak for i løpet av 2026 å kome ned på bestandsmålet som er 39 ynglande jerv. Sjølv om det er positive signal frå ministeren, så er ordfører framleis skeptisk til om dette vert omsett i handling i departement og direktorat, då det ikkje verkar å vere vije der til å sjå at der er større handlingsrom innanfor rovviltforliket enn forvaltninga i dag praktiserer.

- **Museumsorganisering på Sunnmøre**

- Fjord kommune har fått invitasjon til å bli medeigar i Sunnmørsmusea AS. Her er ein lengre historikk bak arbeidet for å få til eit felles konsolidert museum for Sunnmøre, som alle musea og kommunar på Sunnmøre kan samle seg om. Saka er ikkje lagt fram for kommunestyret enno då det har vore behov for å ha nokre koordinerande møte for å avklare mellom anna korleis både dei andre kommunane som har «utanformuseum» og fylkeskommunen stiller seg til dette initiativet. Det er førebels ikkje godt nok grunnlag for å legge fram ei politisk sak på dette.

- **Muritunet:**

- Eit fleirtal på Stortinget vedtok i samband med behandling av DOK8-forslag frå Kjersti Toppe i Sp ei ny og offensiv satsing på arbeidsretta rehabilitering. Regjeringa v/helseminister Vestre nektar å skrote helseanboda og meiner stortinget har gjort eit ulovleg vedtak. Det er ikkje noko avklaring på dette, både Kjersti Toppe (Sp) og Marit Hagerup (H) har stilt spørsmål i Stortinget og helseminister Vestre svarar at «vedtakene som ble fattet i februar er til vurdering for vidare oppfølging».

- **Arbeidsverkstad Levekårsplan 20.mai:**

- 20. mai kl 10-16 er det arbeidsverkstad for Levekårsplan med kommunestyret og råda. Tett på-samarbeidspartnarane Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Distriktssenteret vert med, og administrasjonen vert sekretærar. Kommunedirektøren legg fram Heilskapleg analyse for formannskapet 30. april, og partia har høve til å avtale møte med kommunedirektøren mellom 30.april og kommunestyremøte 21.mai for å få gjennomgang og stille spørsmål til analysen. Det vert også lagt opp til at dei ulike

partia førebuer seg til arbeidsverkstaden med nokre oppgåver som vert presentert i planforum i formannskapet 30.april.

Orienteringar frå kommunedirektøren:

- Forsprosjekt knytt til interkommunalt anskafelse av sak- og arkivløsning med tilhørende støttesystemer
- Sommarjobbar
- Heilheitleg analyse ift. Levekårsplan
- Status rekneskap 2026 førebels per 31. mars viser pluss på 8 millionar grunna konsesjonskraft, men det kjem også store utgifter.
Kommunedirektøren planlegg å legge fram årsrekneskap 2025 på formannskapsmøte 30. april 2026.

009/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Kommunestyret 16.04.2026:

Behandling:

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 009/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

010/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Kommunestyret 16.04.2026:

Behandling:

Ordføraren ba om at orienteringssak OS 012/26 - Orientering frå Valldal Fjernvarme AS kunne gjerast om til vedtakssak.

Samrøystes vedteke.

Det vert røysta separat over orienteringssak OS 012/26.

Behandling av orienteringssak OS 012/26 Orientering frå Valldal Fjernvarme AS til kommunestyret 16.04.26:

Vedrørande orienteringssak OS 012/26 Orientering frå Valldal Fjernvarme AS til kommunestyret 16.04.26 tok opp ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) opp habilitetsspørsmålet til følgjande representantar:

- Håkon Myklebust – styreleiar og eigar i Valldal Grønt (deleigar av Valldal Fjernvarme AS) - jf. Fvl. § 6 punkt a. og e. (underpunkt 2).
- Anders Jørgen Gjerde (Sp) – styremedlem og eigar i Valldal Grønt (deleigar av Valldal Fjernvarme AS) - jf. Fvl. § 6 punkt a. og e. (underpunkt 2).
- Dagrun Agnes Vikesland (SV) – kona til kommunedirektøren - jf. Fvl. § 6 punkt c.

Ester Reidun Vinje Nilsen (H) - Leif Rune Vinje er styreleiar i Valldal Fjernvarme og faren hennes - jf. Fvl. § 6 punkt b.

Dei fire representantane gjeikk frå møte før behandling av habilitetsspørsmålet.

Det vart røysta over habilitetsspørsmålet (15 voterande til stades):

Håkon Myklebust (Sp), Anders Jørgen Gjerde (Sp), Dagrun Agnes Vikesland (SV) og Ester Reidun Vinje Nilsen (H) vart kjent inhabil mot 1 røyst (Frp).

Vararepresentantane Per Ivar Skodjereite (Sp), Unni Ytredal (Sp), Nils Johan Myren Døving (SV) og Kathrine Hjellev Busengdal (H) tok sete i møte. 19 Voterande til stades.

Før orienteringa starta informerte ordføraren om at kommunedirektøren er inhabil i saka jf. Fvl. § 6 punkt a.

Dette fordi han har aksjar i Valldal Grønt som er deleigar i Valldal fjernvarme. Kommunedirektøren gjekk frå møte, og assisterande kommunedirektør Marius A. Moe tok sete i staden for ham.

Deretter vart det røysta over om møtet skulle lukkast under orienteringa.

Samrøystes for å lukke møtet jf. Offl. §23, 4. ledd.

Ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) viste til kommunestyret sitt opphavsvedtak som kommuneadministrasjonen hittil har arbeidd etter. Orienteringa som kommunestyret får er av ein slik karakter at det mest sannsynleg vil vere nødvendig å gjere eit nytt vedtak som erstattar vedtak KS-043/25.

Ordføraren føreslo om å gjere orienteringssak OS 012/26 - Orientering frå Valldal Fjernvarme AS om til vedtakssak.

Samrøystes vedteke.

Styreleiar Leif Rune Vinje gav ei orientering om Valldal Fjernvarme AS. Formannskapet har fått denne orienteringa i møtet 26.03.26.

Saka vart drøfta.

Assisterande kommunedirektør Marius A. Moe informerte angående inhabilitet av kommunedirektøren at administrasjonen kan førebu/skrive saka, men ikkje konkludere/leggje fram innstillinga. Dette må gjerast av ordføraren.

Ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) presenterte nytt forslag til vedtak frå Fjord Sp.

Ordføraren tok opp habilitetsspørsmål for Vemund A. Waldal jf. § 6 punkt b. (foreldre har aksjer i Valldal Grønt).

Vemund A. Waldal gjekk frå møte før behandling av habilitetsspørsmålet. 18 Voterande tilstades.

Røysting:

Vemund A. Waldal (SV) vart kjent inhabil mot 1 røyst (Per Ivar Skodjereite, Sp).

Ingen vara til stades for Vemund A. Waldal (SV). Nå 18 voterande til stades.

Robert Bergerud (H) ba om gruppemøte.

Det vart halde gruppemøte.

Robert Bergerud (H) la fram fellesframlegg frå Fjord Høgre og Frp.

Terese Jemtegård Moen (Sp) trakk Sp sitt forslag til vedtak.

Det vart samrøystes bestemt at forslaget i orienteringssak OS 012/26 frå Høgre og Frp vart gjort om til felles framlegg til vedtak.

Det vart røysta over fellesframlegg til vedtak i OS 012/26:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: Nytt forslag - Fjernvarme

Robert Bergerud (H), Andre partier: AP, Frp, H, Sp, SV

For: 18 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Vararepresentantane Per Ivar Skodjereite (Sp), Unni Ytredal (Sp), Nils Johan Myren Døving (SV) og Kathrine Hjelte Busengdal (H) gjekk frå møte, og representantane Håkon Myklebust (Sp), Anders Jørgen Gjerde (Sp), Dagrun Agnes Vikesland (SV), Ester Reidun Vinje Nilsen (H) og Vemund Audunsson Waldal (SV) tok sete i møte igjen.

Behandling av orienterinssakene OS 009/26 til og med OS 011/26:

Så vart det røysta over dei andre orienteringssakene OS 009/26 til og med OS 011/26:

Samrøystes vedteke.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 18 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 010/26 Vedtak:

Orienteringssakene OS 009/26 til og med OS 011/26 blir tatt til orientering.

Vedtak OS 012/26 - Orientering frå Valldal Fjernvarme AS til kommunestyret 16.04.26:

Kommunestyret ber administrasjonen iverksette en prosess hvor Valldal Fjernvarme sitt styrevedtak 24.3 brukes som utgangspunkt. Arbeidet skal ha fokus på lavest mulig økonomisk risiko for Fjord Kommune, både driftsmessig og med tanke på kapitalbehov.

- Alternativ utnytting av anlegget, hele eller deler av det.
 - * Muligheter for alternative løsninger der for eksempel fjernvarmenettet kan benyttes som kilde for lokale varmepumper.
- Muligheter for oppgradering av varmepumpe, endring/økning av leveranse, og andre forhold som kan endre den økonomiske nåsituasjonen.
- Kartlegger praktiske og økonomiske konsekvenser av styrt avvikling/konkurs.
 - * Kundeforpliktelser og evt. negativt omdømme for eiere
 - * Konsekvenser for kommunale bygg
 - * Alternativ løsninger for bygg oppvarming, teknisk og økonomisk (her foreligger en rapport fra Energiråd)
 - * Beredskapsforhold, helseinstitusjoner
- Valldal Grønt, innfrysing sommer
- Andre juridiske forhold

011/26: Endring av forskrift om felles ordensreglement for SFO Fjord kommune**Kommunedirektøren si innstilling:**

1. Kommunestyret vedtek endringa i felles ordensreglement for skulefritidsordninga (SFO) i Fjord kommune, slik det går fram av saka.
2. Ordensreglementet vil gjelde frå 01.05.26

Kommunestyret 16.04.2026:

Behandling:

Kathrine Hjelle Busengdal (H) gjekk frå møte og Jan Erik Vad (H) tok sete i møte igjen. 19 Voterande til stades.

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 011/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret vedtek endringa i felles ordensreglement for skulefritidsordninga (SFO) i Fjord kommune, slik det går fram av saka.
2. Ordensreglementet vil gjelde frå 01.05.26

012/26: Endring av forskrift om skulefritidsordning (SFO) Fjord kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret vedtek endring i forskrift om skulefritidsordning (SFO) i Fjord kommune, slik det går fram av saka.
2. Forskrifta vil gjelde frå 01.08.26

Kommunestyret 16.04.2026:

Behandling:

Voting nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 012/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret vedtek endring i forskrift om skulefritidsordning (SFO) i Fjord kommune, slik det går fram av saka.
2. Forskrifta vil gjelde frå 01.08.26

013/26: Forskrift om skulerute 2026-2027 for grunnskulane i Fjord kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret vedtek forskrift om skulerute 2026-2027 for grunnskulen i Fjord kommune, slik det går fram av saka.
2. Forskrifta vil gjelde frå 01.08.26

Kommunestyret 16.04.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 013/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret vedtek forskrift om skulerute 2026-2027 for grunnskulen i Fjord kommune, slik det går fram av saka.
2. Forskrifta vil gjelde frå 01.08.26

014/26: Høyringsuttale Fjord kommune om forslag til integreringsstønad for nyankomme flyktningar

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret sende inn høyringsforslaget slik det kjem fram av saksutgreiinga.

Kommunestyret 16.04.2026:

Behandling:

Tillegg under konklusjon, foreslått av Dagrun Agnes Vikesland, Sosialistisk venstreparti

Flyktningar er potensielt ein stor ressurs for samfunnet gjennom kompetanse dei har med seg, t.d. innanfor helsefag eller tekniske fag, og generelt som arbeidskraft og som innbyggjarar. Dette gjeld ikkje minst i distriktkommunar som kan ha vanskar med å skaffe arbeidskraft og ofte har synkande folketal. For at dette potensialet skal bli utløyst er det viktig at vaksne og familiar ikkje blir påført tilleggstraume i form av økonomiske vanskar og usikkerheit den første tida i Noreg.

Saka vart drøfta.

Dagrun Agnes Vikesland (SV) ba om gruppemøte.

Det vart halde gruppemøte.

Dagrun A. Vikesland (SV) la fram fellesframlegg frå Fjord SV, Ap og Sp.

Det vart først røysta over kommunedirektøren si innstilling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over fellesframlegg frå Fjord SV, Ap og Sp.

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: Nytt forslag - Tillegg under konklusjon

Dagrun Agnes Vikesland (SV), Andre partier: AP, Sp

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Fellesframlegget frå Fjord SV, Ap og Sp vart samrøystes vedteke.

KS- 014/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret sende inn høyringsforslaget slik det kjem fram av saksutgreiinga.

Flyktningar er potensielt ein stor ressurs for samfunnet gjennom kompetanse dei har med seg, t.d. innanfor helsefag eller tekniske fag, og generelt som arbeidskraft og som innbyggjarar. Dette gjeld ikkje minst i distriktskommunar som kan ha vanskar med å skaffe arbeidskraft og ofte har synkande folketal. For at dette potensialet skal bli utløyst er det viktig at vaksne og familiar ikkje blir påført tilleggstraume i form av økonomiske vanskar og usikkerheit den første tida i Noreg.

015/26: Om mellombels endring av skjenketid under fotball-VM for herrar 2026

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir ikkje gitt løyve til mellombels utvida skjenketid for alkoholhaldig drikk i samband med fotball-VM for herrar 2026.

Kommunestyret 16.04.2026:

Behandling:

Utvida skjenketid fotball VM for herrar 2026, foreslått av Espen Heitmann, Framstegspartiet

Det blir gitt løyve til mellombels utvida skjenketid for alkoholholdig drikk i samband med fotball VM for herrar 2026

Espen Heitmann (Frp) fremma fellesforslag frå Fjord Frp og Høgre.

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 9 stemmer (47%) - AP 1, H 1, Sp 5, SV 2

Nytt forslag - Utvida skjenketid fotball VM for herrar 2026: 10 stemmer (53%) - AP 1, Frp 2, H 5, Sp 2

Espen Heitmann (Frp), Andre partier: H

KS- 015/26 Vedtak:

Det bli gitt løyve til mellombels utvida skjenketid for alkoholholdig drikk i samband med fotball VM for herrar 2026.

016/26: Eigarskapsmelding Fjord kommune - revidert feb. 2026

Kommunedirektøren si innstilling

Den reviderte eigarskapsmeldinga vert godkjent

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.03.2026 - 014/26

Innstilling til kommunestyret:

Kommunedirektøren si innstilling

Den reviderte eigarskapsmeldinga vert godkjent.

Den reviderte eigarskapsmeldinga blir godkjent med følgjande endring og tilføyningar:

Tilføyning s. 9, pkt. 1, ny setning 3:

Valnemnda har dermed ei avgjerande rolle i utøvinga av Fjord kommune sin eigarskapspolitikk som partia må ta omsyn til ved utnemning av medlemmar til valnemnda.

Endring s. 10: Administrativt vertskommunesamarbeid §28. Endre frå Ålesund og Fjord PPT til Stranda og Fjord PPT.

Tilføyning s. 21: Muritunet AS, nytt avsnitt 2:

Dei største eigarane hadde tidlegare eigne representantar i Muritunet sitt styre. Dette vart endra gjennom ei vedtektsendring for nokre år sidan. Dei tre største eigarane har no kvar sin representant i valkomiteen for Muritunet. Fjord kommune sin representant blir utnemnd av ordføraren. Gjennom denne representanten har kommunen direkte påverknad på styret si samansetning og indirekte påverknad på retninga i selskapet, og representanten i valkomiteen arbeider i nær dialog med ordføraren.

Formannskapet 26.03.2026:

Behandling:

Endring og tilføyning , foreslått av Dagrun Agnes Vikesland, Sosialistisk venstreparti

Den reviderte eigarskapsmeldinga blir godkjent med følgjande endring og tilføyningar:

Tilføyning s. 9, pkt. 1, ny setning 3:

Valnemnda har dermed ei avgjerande rolle i utøvinga av Fjord kommune sin eigarskapspolitikk som partia må ta omsyn til ved utnemning av medlemmar til valnemnda.

Endring s. 10: Administrativt vertskommunesamarbeid §28. Endre frå Ålesund og Fjord PPT til Stranda og Fjord PPT.

Tilføyning s. 21: Muritunet AS, nytt avsnitt 2:

Dei største eigarane hadde tidlegare eigne representantar i Muritunet sitt styre. Dette vart endra gjennom ei vedtektsendring for nokre år sidan. Dei tre største eigarane har no kvar sin representant i valkomiteen for Muritunet. Fjord kommune sin representant blir utnemnd av ordføraren. Gjennom denne representanten har kommunen direkte påverknad på styret si samansetning og indirekte påverknad på retninga i selskapet, og representanten i valkomiteen arbeider i nær dialog med ordføraren.

Saka vart drøfta.

Formannskapet er samde om at eigarskapsmeldinga bør språkaskast.

Dagrun A. Vikesland (SV) fremma endra forslag til vedtak.

Det vart først røysta over kommunedirektøren si innstilling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over endringsforslaget frå Dagrún A. Vikesland (SV):

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt forslag - Endring og tilføyning**

Dagrún Agnes Vikesland (SV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Endringsforslaget frå Dagrún A. Vikesland (SV) vart samrøystes vedteke.

FS- 014/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Kommunedirektøren si innstilling

Den reviderte eigarskapsmeldinga vert godkjent.

Den reviderte eigarskapsmeldinga blir godkjent med følgjande endring og tilføyningar:

Tilføyning s. 9, pkt. 1, ny setning 3:

Valnemnda har dermed ei avgjerande rolle i utøvinga av Fjord kommune sin eigarskapspolitikk som partia må ta omsyn til ved utnemning av medlemmar til valnemnda.

Endring s. 10: Administrativt vertskommunesamarbeid §28. Endre frå Ålesund og Fjord PPT til Stranda og Fjord PPT.

Tilføyning s. 21: Muritunet AS, nytt avsnitt 2:

Dei største eigarane hadde tidlegare eigne representantar i Muritunet sitt styre. Dette vart endra gjennom ei vedtektsendring for nokre år sidan. Dei tre største eigarane har no kvar sin representant i valkomiteen for Muritunet. Fjord kommune sin representant blir utnemnd av ordføraren. Gjennom denne representanten har kommunen direkte påverknad på styret si samansetning og indirekte påverknad på retninga i selskapet, og representanten i valkomiteen arbeider i nær dialog med ordføraren.

Kommunestyret 16.04.2026:

Behandling:

Nye tilleggspunkt i tillegg til formannskapet sitt vedtak, foreslått av Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

Nye tilleggspunkt vedtak eigarskapsmelding frå Fjord Sp, sak 016/26:

Endring s. 4:

- Slette siste del av første setning i første avsnitt; « ...som skal vedtakast i januar 2022»
- Tilføy «:God helse og livskvalitet i tredje avsnitt» for å utdjupe berekraftsmål 3
- Slette 4. kulepunkt under «Andre viktige føringar»

Endring s. 7:

- Rette illustrasjonen på samarbeidsformer og graden av sjølvstyre: §27 samarbeid skal ut.

Endring s. 10:

- Nytt kulepunkt under kommunalt oppgåvefellesskap §19: Kommunalt oppgåvefellesskap Helseplattformen.
- Fjerne «Interkommunalt samarbeid med felles styre §27» og fordele underpunkta der dei høyrer heime: eKommune Sunnmøre er eit Offentleg-Offentleg samarbeid (unntak frå kommunelova). Interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA Sunnmøre) er eit oppgåvefellesskap.

- Utdjuping 4. kulepunkt under Administrativt vertskommunesamarbeid §28: NAV Ålesund

Endring s. 12:

- Utdjuping av oppføring Visit Dest MR AS med rett tal på aksjer og rett eigarprosent

Endring s. 16:

- Utfylle eksisterande setning i nest siste avsnitt: Ved oppstart av ein ny valperiode kan det vere tilrådeleg å tilby opplæring i styrearbeid, særleg for dei som ikkje har erfaring med styrearbeid frå før.
- Omformulering og tillegg til siste avsnitt: Ved oppstart av ein ny valperiode skal ordførar sende ut eigarhelsing. For eigarskap definert som strategiske (sjå del 4) kan ordførar formidle signal til selskapa på generalforsamlinga eller ved andre høve der ein ser det som naturleg å formidle kommunen sine synspunkt, til dømes i eigarmøter.
Endring s. 17 og 18:
- I tabellen Oversikt over alle eigarskap: Endre adm. Oppfølging frå næringssjef til økonomisjef.
Endring s. 19:
- Rette oppføringar i tråd med allereie vedtekne endringsforslag.
Endring s 21:
- Under Stordal Alpinsenter AS: Slette setning i første avsnitt: «Sak om auke av aksjekapital vart handsama våren 2025 og er i skrivande stund framleis pågåande».

Ordførar Terese Jemtegård Moen (Sp) fremma nytt forslag med nye tilleggspunkt til formannskapet sitt vedtak på vegne av Fjord Sp.

Olav Løvoll (Ap) tok opp spørsmålet om ein måtte ta opp spørsmål om habilitet for dei representantar som eventuelt har aksjer i ein av selskapa som vert nemnd i eigarmeldinga. Kommunedirektøren svarte at det ikkje finns lovheimel som seier at dette trengs i ei slik overordna sak.

Det vart først røysta over innstillinga frå formannskapet 26.03.2026:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 26.03.2026**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Innstillinga frå formannskapet 26.03.2026 vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over nytt forslag frå Fjord Sp med nye tilleggspunkt til formannskapet sitt vedtak:

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt forslag - Nye tilleggspunkt i tillegg til formannskapet sitt vedtak**

Terese Jemtegård Moen (Sp)

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Fjord Sp sitt forslag med nye tilleggspunkt til formannskapet sitt vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 016/26 Vedtak:

Den reviderte eigarskapsmeldinga vert godkjent.

Den reviderte eigarskapsmeldinga blir godkjent med følgjande endring og tilføyningar:

Tilføyning s. 9, pkt. 1, ny setning 3:

Valnemnda har dermed ei avgjerande rolle i utøvinga av Fjord kommune sin eigarskapspolitikk som partia må ta omsyn til ved utnemning av medlemmar til valnemnda.

Endring s. 10: Administrativt vertskommunesamarbeid §28. Endre frå Ålesund og Fjord PPT til Stranda og Fjord PPT.

Tilføyning s. 21: Muritunet AS, nytt avsnitt 2:

Dei største eigarane hadde tidlegare egne representantar i Muritunet sitt styre. Dette vart endra gjennom ei vedtektsendring for nokre år sidan. Dei tre største eigarane har no kvar sin representant i valkomiteen for Muritunet. Fjord kommune sin representant blir utnemnd av ordføraren. Gjennom denne representanten har kommunen direkte påverknad på styret si samansetning og indirekte påverknad på retninga i selskapet, og representanten i valkomiteen arbeider i nær dialog med ordføraren.

Nye tilleggspunkt vedtak eigarskapsmelding frå Fjord Sp, sak 016/26:

Endring s. 4:

- Slette siste del av første setning i første avsnitt; « ...som skal vedtakast i januar 2022»
- Tilføye «:God helse og livskvalitet i tredje avsnitt» for å utdjupe berekraftsmål 3
- Slette 4. kulepunkt under «Andre viktige føringar»

Endring s. 7:

- Rette illustrasjonen på samarbeidsformer og graden av sjølvstyre: §27 samarbeid skal ut.

Endring s. 10:

- Nytt kulepunkt under kommunalt oppgåvefellesskap §19: Kommunalt oppgåvefellesskap Helseplattformen.
- Fjerne «Interkommunalt samarbeid med felles styre §27» og fordele underpunkta der dei høyrer heime: eKommune Sunnmøre er eit Offentleg-Offentleg samarbeid (unntak frå kommunelova). Interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA Sunnmøre) er eit oppgåvefellesskap.
- Utdjuping 4. kulepunkt under Administrativt vertskommunesamarbeid §28: NAV Ålesund

Endring s. 12:

- Utdjuping av oppføring Visit Dest MR AS med rett tal på aksjer og rett eigarprosent

Endring s. 16:

- Utfylle eksisterande setning i nest siste avsnitt: Ved oppstart av ein ny valperiode kan det vere tilrådeleg å tilby opplæring i styrearbeid, særleg for dei som ikkje har erfaring med styrearbeid frå før.
- Omformulering og tillegg til siste avsnitt: Ved oppstart av ein ny valperiode skal ordførar sende ut eigarhelsing. For eigarskap definert som strategiske (sjå del 4) kan ordførar formidle signal til selskapa på generalforsamlinga eller ved andre høve der ein ser det som naturleg å formidle kommunen sine synspunkt, til dømes i eigarmøter.

Endring s. 17 og 18:

- I tabellen Oversikt over alle eigarskap: Endre adm. Oppfølging frå næringssjef til økonomisjef.

Endring s. 19:

- Rette oppføringar i tråd med allereie vedtekne endringsforslag.

Endring s 21:

- Under Stordal Alpinsenter AS: Slette setning i første avsnitt: «Sak om auke av aksjekapital vart handsama våren 2025 og er i skrivande stund framleis pågåande».

017/26: Fjordhagen AS - Tilbod om kjøp av aksjer

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune legg inn eit bod til SIVA på kjøp av 945 aksjar til kr 34,31 per aksje i Fjordhagen AS.

Formannskapet 26.03.2026:

Behandling:

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 015/26 Vedtak:

Innstiling til kommunestyret:

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune legg inn eit bod til SIVA på kjøp av 945 aksjar til kr 34,31 per aksje i Fjordhagen AS.

Kommunestyret 16.04.2026:

Behandling:

Representantane Håkon Myklebust (Sp), Anders Jørgen Gjerde (Sp), Dagrun Agnes Vikesland (SV), Ester Reidun Vinje Nilsen (H) og Vemund Audunsson Waldal (SV) tok sete i møte igjen.

Jan Erik Vad (H) tok opp spørsmål om sin habilitet i saka, fordi han er styremedlem i Fjordhagen AS.

Det vart røysta over habilitet til representant Jan Erik Vad (H). (18 voterande til stades):

Jan Erik Vad (H) vart samrøystes kjent inhabil jf. Fvl. § 6 punkt e (underpunkt 2), og gjekk frå møte.

Vara Kathrine Hjelle Busengdal (H) tok sete i møte. Nå 19 voterande til stades.

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 017/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune legg inn eit bod til SIVA på kjøp av 945 aksjar til kr 34,31 per aksje i Fjordhagen AS.

018/26: Salsløyve for alkoholhaldig drikk frå 16.april 2026 - Storås Handel Norddal AS

Kommunedirektøren si innstilling:

Storås Handel Norddal AS får innvilga salsløyve for alkoholhaldig drikk inntil 4,7 volumprosent alkoholinnhald ved Storås Handel, frå 16.04.2026. Styrar for salsløyvet skal vere Maria Elen Løvik, f. 26.10.1984, avløyssar er Petter Melchior, f. 23.10.1957.

Nye maksimaltider for utsalsstadane i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Kl. 08.00 –20.00 på kvardagar og dagen før Kr. Himmelfartsdag Kl. 08.00 –18.00 på dagar før søndagar og heilagdagar. Sal er ikkje tillate på søndagar og heilagdagar, 1. og 17.mai Jf. alkoholloven §3-7, samt Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune pkt. 4.1.

Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune 2025-2028, med særleg vekt på pkt. 8 som omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

Tildelte sals-og skjenkeløyve i Fjord kommune opphøyrer ikkje, og det er ikkje nødvendig å søkje fornying av løyve etter fire år. Det må likevel søkjast på nytt dersom det vert eigarskifte eller ved brot på vilkår som er sett for løyvet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 26.03.2026 - 016/26

Kommunedirektøren si innstilling:

Storås Handel Norddal AS får innvilga salsløyve for alkoholhaldig drikk inntil 4,7 volumprosent alkoholinnehald ved Storås Handel, frå 16.04.2026. Styrar for salsløyvet skal vere Maria Elen Løvik, f. 26.10.1984, avløysar er Petter Melchior, f. 23.10.1957.

Nye maksimaltider for utsalsstadane i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Kl. 08.00 –20.00 på kvardagar og dagen før Kr. Himmelfartsdag Kl. 08.00 –18.00 på dagar før søndagar og heilagdagar. Sal er ikkje tillate på søndagar og heilagdagar, 1. og 17.mai Jf. alkoholloven §3-7, samt Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune pkt. 4.1.

Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune 2025-2028, med særleg vekt på pkt. 8 som omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

Tildelte sals-og skjenkeløyve i Fjord kommune opphøyrer ikkje, og det er ikkje nødvendig å søkje fornying av løyve etter fire år. Det må likevel søkjast på nytt dersom det vert eigarskifte eller ved brot på vilkår som er sett for løyvet.

Formannskapet 26.03.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 016/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Storås Handel Norddal AS får innvilga salsløyve for alkoholhaldig drikk inntil 4,7 volumprosent alkoholinnehald ved Storås Handel, frå 16.04.2026. Styrar for salsløyvet skal vere Maria Elen Løvik, f. 26.10.1984, avløysar er Petter Melchior, f. 23.10.1957.

Nye maksimaltider for utsalsstadane i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Kl. 08.00 –20.00 på kvardagar og dagen før Kr. Himmelfartsdag Kl. 08.00 –18.00 på dagar før søndagar og heilagdagar. Sal er ikkje tillate på søndagar og heilagdagar, 1. og 17.mai Jf. alkoholloven §3-7, samt Alkoholpolitiske retningslinjer for Fjord kommune pkt. 4.1.

Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningsliner for Fjord kommune 2025-2028, med særleg vekt på pkt. 8 som omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

Tildelte sals-og skjenkeløyve i Fjord kommune opphøyrer ikkje, og det er ikkje nødvendig å søkje fornying av løyve etter fire år. Det må likevel søkjast på nytt dersom det vert eigarskifte eller ved brot på vilkår som er sett for løyvet.

Kommunestyret 16.04.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Formannskapet - 26.03.2026**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 018/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Storås Handel Norddal AS får innvilga salsløyve for alkoholhaldig drikk inntil 4,7 volumprosent alkoholinnhald ved Storås Handel, frå 16.04.2026. Styrar for salsløyvet skal vere Maria Elen Løvik, f. 26.10.1984, avløyser er Petter Melchior, f. 23.10.1957.

Nye maksimaltider for utsalsstadane i Fjord kommune, jf. k.sak. 061/20: Kl. 08.00 –20.00 på kvardagar og dagen før Kr. Himmelfartsdag Kl. 08.00 –18.00 på dagar før søndagar og heilagdagdar. Sal er ikkje tillate på søndagar og heilagdagdar, 1. og 17.mai Jf. alkoholloven §3-7, samt Alkoholpolitiske retningsliner for Fjord kommune pkt. 4.1.

Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med innhaldet i Alkoholpolitiske retningsliner for Fjord kommune 2025-2028, med særleg vekt på pkt. 8 som omhandlar reaksjonar ved brot på sals- og skjenkevilkår. Kravet til internkontroll må vere oppfylt, jf. alkoholforskrifta §8-3.

Tildelte sals-og skjenkeløyve i Fjord kommune opphøyrer ikkje, og det er ikkje nødvendig å søkje fornying av løyve etter fire år. Det må likevel søkjast på nytt dersom det vert eigarskifte eller ved brot på vilkår som er sett for løyvet.

019/26: Forslag til endring av konsesjonskraftprisen -Høringssvar Fjord kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret godkjenner vedlagte høringssvar til Energidepartementet.

Kommunestyret 16.04.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 019/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Kommunestyret godkjenner vedlagte høyringssvar til Energidepartementet.

020/26: Referatsaker**Kommunedirektøren si innstilling:**

Referatsakene blir tatt til orientering.

Kommunestyret 16.04.2026:**Behandling:****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 020/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Referatsakene blir tatt til orientering.

021/26: Høyringssvar veterinærvakt Fjord kommune - Høring av NOU 2026: 1 En bærekraftig kommunesektor**Kommunedirektøren si innstilling:**

Fjord kommune stiller seg bak høyringsuttalen som er ført i pennen av Sunndal kommune.

I tillegg vil me påpeika at me stiller oss undrande till at departementet vel å ikkje løfta blikket litt, og vurdera andre løysingar enn framleis å lata dette veterinærvakt vera kommunane sitt ansvar. Dei fleste veterinærdistrikta er i fleire kommunar. Om det statlege tilskotet ikkje var tilstrekkeleg slik ordninga har vore til no, vil det for administrasjonskommunen vera omstendeleg å samordna alle kommunane. Om ordninga vert endra, vil dette verta eit endå større problem. Me er klare over at det i utgangspunktet ikkje var på agendaen no, men bed likevel om at forslaget vert stoppa for å gjera overordna vurderingar fyrst, til dømes ved å endra dyrehelsepersonellova § 3 a, og å flytta ansvaret over til ein annan etat, til dømes Mattilsynet eller fylkeskommunen.

Kommunestyret 16.04.2026:**Behandling:**

Tilleggssak ettersendt per e-post 14.04.26.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 021/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune stiller seg bak høringsuttalen som er ført i pennen av Sunndal kommune.

I tillegg vil me påpeika at me stiller oss undrande till at departementet vel å ikkje løfta blikket litt, og vurderer andre løysingar enn framleis å lata dette veterinærvakt vera kommunane sitt ansvar. Dei fleste veterinærdistrikta er i fleire kommunar. Om det statlege tilskotet ikkje var tilstrekkeleg slik ordninga har vore til no, vil det for administrasjonskommunen vera omstendeleg å samordna alle kommunane. Om ordninga vert endra, vil dette verta eit endå større problem. Me er klare over at det i utgangspunktet ikkje var på agendaen no, men bed likevel om at forslaget vert stoppa for å gjera overordna vurderingar fyrst, til dømes ved å endra dyrehelsepersonellova § 3 a, og å flytta ansvaret over til ein annan etat, til dømes Mattilsynet eller fylkeskommunen.